



VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD

MØTEBOK

Møtestad: Rådhuset Ølen
Dato: 28/8-25
Tidspunkt: kl 16

Medlemmer:	Steinar Sørhus, Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd, leiar Dag Tormod Milje, geistleg representant, nestleiar Arne Tveit, Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd Ola Alne, Ølen og Bjoa sokneråd Lars Bernhard Skipevåg, Imsland sokneråd Harald Olav Stuhaug, Sandeid sokneråd Asle Dagsland, kommunal representant Karianne Dagsland, Skjold, Vats, Vikebygd sokneråd Bjørghild Vetarhus, Vikedal sokneråd (<u>ikkje til stades</u>)
------------	---

Protokollfører:
Grethe Halvorsen




**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
* Saksliste * Referat- saker	Fellestrådet	28/8-25

Saksliste:

16/25	GODKJENNING AV MØTEBOK, INNKALLING OG SAKSLISTE
17/25	REFERATSAKER
18/25	ORIENTERINGSSAKER
19/25	VEDTAK OM UTREDNING AV SAMANSLÅING
20/25	ENDELEG VEDAK PÅ BUDSJETT FOR 2026
21/25	NY GJENNOMGANG AV STRUKTUREN FOR KYRKJETENARSTILLINGANE



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
16/25	Fellestrådet	

GODKJENNING AV MØTEBOK, INNKALLING OG SAKSLISTE

Godkjent, samrøystes.



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
17/25	Fellestrådet	28/8-25

REFERATSAKER

17/25 -01 Historienemd for kyrkjegardane

Saka vart utsett

17/25 – 02 Bruk av premiefond KLP

Desse tiltaka er gjennomførte:

Bjoa sakrestitak

Desse er bestilte:

Skjold og Vikebygd utvendig vask

Sandeid ny bordkledning

Vats lekkasje pipe

Vikedal nye dører (ny gjennomgang i soknerådet, mht utforming)

Ølen restsum oppussing

Universell utforming Imsland kyrkje

Sakene vart tekne til orientering.



VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
35/24	Fellestrådet	28/8-252

ORIENTERINGSSAKER

- 18/25-01 Felles møteplass for prestane på Skjold kyrkjekontor**
- 18/25-02 Kolerakyrkjegarden**
- 18/25-03 Kyrkjeverja og fellestrådsleiar på synfaring**
- 18/25-04 Mogeleg overgang frå IKT Etne/Vindafjord til Kirkepartner (Kyrkja sin IKT-leverandør)** (denne saka kom opp etter at innkallinga var sendt ut)

Sakene vart tekne til orientering



VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
19/25	Fellestrådet	28/8-25

FRAMLEGG TIL VEDTAK OM UTREDNING AV SAMANSLÅING AV FELLESRÅDA I TYSVÆR OG VINDAFJORD

Styringsgruppa meiner at fellestråda i Tysvær og Vindafjord bør vedta ein tydeleg intensjon om at dei vil slå seg saman, og rår til at desse fellestråda gjer slikt intensjonsvedtak i august.

Framlegg til vedtak i fellestråda i Tysvær og Vindafjord basert på styringsgruppevedtaket:

1. Fellestrådet i (Tysvær/Vindafjord) har eit klart ønske og intensjon om å slå seg saman med (Tysvær/Vindafjord) fellestråd frå eit tidspunkt i 2026. Det skal arbeidast med sikte på eit endeleg vedtak i dei to fellestråda i desember eller så tidleg som mogleg i 2026. Til det endelege vedtaket må det føreligga avtalar med dei to kommunane, og det må vera avklart med kyrkjerådet at avtalar og praktiske ordningar som er avtalt kan gjennomførast, eventuelt kva som det må søkast dispensasjon for.
2. Det skal ned ei fellestemnd bestående av to representantar frå kvart fellestråd. Denne nemnda fullmakt til å leia arbeidet mot endeleg vedtak. Kyrkjevevjene og representant for tilsette har møte- og talerett i nemnda.
 - i. Fellestemnda må starta opp med ein gong vedtak er gjort i fellestråda i august. Referat frå møte i fellestemnda skal sendast raskt ut til alle fellestrådsmedlemmer. Sakliste og eventuelle sakspapir skal og sendast ut til fellestrådsmedlemmene før møta i fellestemnda.
 - ii. Fellestemnda har fullmakt til å ta nødvendige vedtak som må vera på plass frå dag 1, mellom anna avklaring av kyrkjevevjestillinga. Vedtak som kan venta skal utsetjast til nytt fellestråd er på plass.
 - iii. Fellestemnda har ansvar for å halda ordførarar, prosti og bispedømme orientert om prosessen.
 - iv. Fellestemnda har fullmakt til å avgjera korleis tilskotet frå Kyrkjerådet blir nytta, inkludert eventuell kjøp av ekstern hjelp. Nemnda har og fullmakt til å søka ytterlegare tilskot. Eventuell bruk av eigne midlar, utover bruk av tilsette, skal avklarast i dei to fellestråda.
3. Kyrkjevevjene blir, eventuelt saman med prosjektsekretær, bedt om å:
 - i. Setja ned ei gruppe som saman med kommunane gjennomgår den kommunale finansieringa. I avtalane må det gå fram korleis kommunane framleis kan ha eigne satsingar i drifta eller eigne investeringar. Gruppa må ha jamleg kontakt med fellestemnda.
 - ii. Oppretta eit medverknadsorgan for tillitsvalde i fellestråda, samt laga og gjennomføra felles informasjonsrutinar til alle tilsette.
 - iii. Starta arbeidet med å bygga ein felles kultur mellom dei tilsette.

- iv. Starta arbeidet med å sjå korleis oppgåver kan fordelast mellom dei som er tilsett i fellesråda i dag.
4. I fellesrådet skal det sitja tre soknerådsrepresentantar frå kvar kommune. Vindafjord avklarar korleis dei skal velja sine og søker kyrkjerådet om dispensasjon, dette sidan dei i dag har fleire enn tre sokneråd.
5. Fellesrådet ynskjer at samarbeidet mellom dei fire fellesråda som starta prosessen held fram, sjølv om det er naturleg at neste halvår blir prioritert til samanslåingsprosessen. Det bør avtalast eit møte våren 2026.

Vedtak i styringsgruppa 17. juni 2025

1. Hovudkonklusjon:
 - a. Styringsgruppa meiner at fellesråda i Tysvær og Vindafjord bør vedta ein tydeleg intensjon om at dei vil slå seg saman, og rår til at desse fellesråda gjer slikt intensjonsvedtak i august.
 - b. Etne og Bokn blir ikkje med i denne prosessen på noverande tidspunkt, men har ein intensjon om å koma med i samarbeidet på eit seinare tidspunkt.
2. Vidare arbeid for dei to fellesråda:
 - a. I arbeidet vidare meiner styringsgruppa at det skal setjast ned ei fellesnemnd beståande av to representantar frå kvart fellesråd som får fullmakt til å leia arbeidet mot endeleg vedtak. Kyrkjevevjene og representant for tilsette har talerett i nemnda. Det bør takast sikte på eit endeleg vedtak i desember. Fellesnemnda må starta opp med ein gong vedtak er gjort i fellesråda i august.
 - b. Kyrkjevevjene blir, saman med prosjektsekretær, bedt om å:
 - i. Setja ned ei gruppe som i kontakt/saman med kommunane gjennomgår den kommunale finansieringa.
 - ii. Oppretta eit medverknadsorgan for tillitsvalde i fellesråda, samt å laga felles informasjonsrutinar til alle tilsette.
 - iii. Startar arbeidet med å sjå korleis oppgåver kan fordelast mellom dei som er tilsett i fellesråda i dag
 - c. Prosjektsekretær blir bedt om å laga utkast til fellesvedtak i fellesråda med utgangspunkt i punkta over og innspel i møtet. Utkastet blir godkjent eller endra av dei aktuelle fellesrådsleiarane og lagt fram i sine fellesråd som leiar si innstilling.
3. Vidare arbeid for alle fire fellesråda:
 - a. Styringsgruppa ynskjer at samarbeidet mellom dei fire fellesråda må styrkast.
 - b. Styringsgruppa ber dei fire kyrkjevevjene, i samarbeid med prosjektsekretær, om å koma tilbake med eit framlegg som viser korleis slike samarbeid kan gjennomførast. Føresetnaden er her at det blir tre/fire fellesråd som samarbeider.

Styringsgruppa vil halda fram med faste halvårlege møte mellom fellesrådsleiarane i åra framover. Leiarskapet skal gå på omgang.

Kyrkjevevja tilrår: Fellesrådet gjer intensjonsvedtak om samanslåing

Møtehandsaming:

Øyvind Valen som er prosjektleiar, informerte om saka. Fellesnemda si oppgåve blir å dokumentera kva me kan vinne på dette samarbeidet. Fellesrådet og dei tilsette må få god informasjon undervegs i arbeidet.

Vedtak samrøystes: Fellesrådet gjer intensjonsvedtak om samanslåing, men ynskjer at det skal vera 2 medlemmer frå fellesrådet + ein vara-representant, med i Fellesnemda.

Det blei og samrøystes vedteke at desse skal vera med i Fellesnemda: Steinar Sørhus og Harald Olav Stuhaug. Vararepresentant: Asle Dagsland



VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
20/25	Fellestrådet	

ENDELEG VEDTAK AV BUDSJETT 2026

Tekst:

Vedlagt ligg tidlegare kyrkjevevje sitt framlegg til budsjett for 2026. Nytilsett kyrkjevevje har fått for lite tid til å arbeida grundig med dette i lag med økonomiavdelinga i kommunen.

Kyrkjevevja tilrår:

Å vedta budsjettforslaget som ligg ved. Kyrkjevevja vil deretter arbeide vidare med å fordele budsjettmidlar på tenestenivå.

Møtehandsaming:

Det blei foreslått å auke budsjettposten Opplæring og kurs med 30 000,-, til 60 000,-, og Inventar og utstyr med 55 000,-, til 70 000,- .

Vedtak, samrøystes:

Å vedta budsjettforslaget som ligg ved, med dei endringane som kom fram i møtet.

Kyrkjevevja vil deretter arbeide vidare med å ferdiggjere budsjettframlegget for 2026, og laga ein økonomiplan for 2026-2028. Dette skal sendast til kommunen innan 09.sept.

Inghart Lasse Tveit sitt budsjettforslag frå 18.06

Art	Ansvar	Teneste	Regnskap	Budsjett	Budsjett 2026
	ALLE		123 438	0	
301000	Fast løn		1 670 206	4 100 000	4 250 000
301005	Helgedagstillegg		24 064	60 000	62 000
302005	Kvelds/natttillegg		7 320	12 000	12 500
302006	Lørdags/søndagstillegg		27 643	50 000	52 000
303000	Ekstrahjelp		147 524	250 000	259 000
304000	Overtid		0	4 000	-
306000	Trekkpliktige godtgjersle		11 107	23 000	24 000
308001	Godtgjersle folkevalde		5 315	40 000	42 000
309000	Pensjon KLP		136 450	600 000	632 200
309005	Ulykkesforsikring		4 906	14 000	14 500
309900	Arbeidsgiveravgift		284 840	706 410	733 500
310000	Kontormateriell		5 611	10 000	10 500
310500	Undervisningsmateriell		0	5 000	5 000
310006	Utdelingsmateriell		45 680	60 000	62 000
311000	Aktivitetsrel.forbr.matr.		123 969	150 000	155 000
311001	Barne- og ungdomsarbeid		75 902	62 000	70 000
311002	Konfirmentarbeid		42 329	160 000	72 800
311003	Diakoniarbeid		1 562	2 000	2 000
311004	Anna kyrkjelydsarbeid		0	2 500	2 500
311500	Bevertning		3 979	12 000	12 000
312002	Gåver og heidersteikn		1 300	500	500
313000	Post, bank, telefon, data		14 833	20 000	22 000
314000	Annonse, reklame, inform., repr.		47 397	100 000	105 000
314001	Layout og trykk		42 438	140 000	145 000
315000	Opplæring, kurs ikkje oppg.pl.		3 500	30 000	30 000
315500	Reiseutg., ikkje oppg.pl.		917	5 000	5 000
316000	Skyss- og kostgodtgjersle		26 562	70 000	70 000
318000	Straum/energi		454 414	770 000	795 000
318500	Forsikring		239 727	240 000	250 000
319000	Leige av lokaler		0	1 000	1 000
319500	Avgifter, gebyrer og lisenser		282 309	420 000	435 000
320000	Inventar og utstyr		69 194	15 000	15 000
322000	Leige, l.kjøp maskiner		93 040	1 230 000	1 200 000
323000	Vedlikehald bygg, nybygg		186 458	500 590	517 000
327000	Konsulenttenester/kjøpte tenester		32 953	100 000	100 000
339000	Kalk.utg.komm.tenester		0	495 000	550 000
342900	Mva betalt		305 748	800 000	828 000
347000	Tilskot/gaver til andre		2 045	0	-
355000	Avsetjing til bundne fond		8 678	0	-
361000	Betaling fra deltakere		-35 692	-70 000	72 000
363000	Festeavgifter		-192 520	-1 300 000	1 300 000
371000	Sjukelønsref./ref.trygdekontor		-45 182	0	-
372900	Mva komp drift		-305 748	-800 000	828 000
375000	Ref.frå menighetsråd		-75 814	-160 000	162 000
377000	Ref. frå andre		0	-140 000	140 000
379000	Kalk.utg.komm.tenester		0	-495 000	550 000
380500	Tilskot Den norske kyrkja		0	-840 000	840 000
383000	Tilskot frå komm./k.inst.		-3 507 500	-7 015 000	7 260 000
387000	Tilskot/gaver frå andre		-109 675	-180 000	180 000
390000	Renteinntekter		-34 316	-110 000	110 000
390001	Purregebyr strafferente		-35	0	-
	Bruk av fond		0	-100 000	100 000



Saknr.	Råd/utval	Møtedato
21/25	Fellestrådet	

Ny gjennomgang av strukturen for kyrkjetenarstillinga

Det er for tida mange ledige kyrkjetenarstillingar i kommunen, både i Skjold, Bjoa/Ølen og Vikedal/Imsland. Det er eit stort problem å skaffe vikarar. Korleis kan me nytta dei kyrkjetenarane me har enno betre, og korleis kan me organisera arbeidet meir effektivt? Treng me t.d. ein kyrkjetenar-vaktmeister? Det har tidlegare vore ein komite som har jobba med instruksane til kyrkjetenarane. Komiteen bestod av Steinar Sørhus, Arne Tveit og Marita Staurland. Sistnemte er ikkje tilsett lenger. Ein treng ein representant for kyrkjetenarane, så derfor er det forslag om å spørja Berit Stople om å vera representant i komiteen. Komiteen skal sjå på ressursbruk, stillingsinstruks, og ei betre samordning av ressursane.

Kyrkjeverja tilrår:

Kyrkjeverja spør Berit Stople om å vera med i komiteen. Dei prøver å komma i gong med arbeidet før neste fellestrådsmøte, 22.okt.

Møtehandsaming:

Det er viktig å ha med representantar frå kyrkjetenarane i dette arbeidet, sjølv om me har fleire ledige stillingar.

Vedtak:

Kyrkjeverja spør 2 kyrkjetenarar (fast eller vikar) om å vera med i komiteen. Dei prøver å komma i gong med arbeidet før neste fellestrådsmøte 22.okt.